



AFA har ikkje ei flis igjen no! Dette bildet av Jan Frank Christiansen vart teke på et tidleg tidspunkt i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det "varme" klimaet vi har fått må vel føre til problem for AFA som satsar så sterkt på vedproduksjon, undrar nokon. Svaret er at veden som bedrifta laga i fjor er selt for lenge sidan. Det er ikkje ei flis att!

I fjor haust, då alle snakka om at magasinane var tomme og skreekkprognosane gjekk ut på at straumprisane var undervegs mot himmelen, gjekk salet av ved naturleg nok strykande, fortel dagleg leiar Jan Frank Christiansen til uskedalen.no.

Den veden dei hadde på lager vart difor selt ut tidleg på hausten. Dei 3.000 sekkane som var produsert på våren gjekk raskt unna. Det var heller ikkje aktuelt å auka produksjonen, for AFA har ikkje lagerplass til meir.

- Og kva gjer AFA no på vedfronten?

- No har vi starta årets produksjon, som tradisjonelt går føre seg mellom nyttår og påske. Produksjonen går utan praktiske problem tiltross for veret. Arbeidet går føre seg under tak og dermed under tørre tilhøve sjølv om det regnar kvar einaste dag.

Så skal veden tørke fram mot den nye salsperioden til hausten. Slik er syklusen hjå oss, seier Christiansen.

AFA er den klart største sekkevedprodusenten i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen